



post@etnevindafjord.no

Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 Bergen

Vår dato

2017-10-18

Dykkar referanse

2017/4336

INVESTERINGSPROGRAM FOR FYLKESVEGNETTET TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018-2029: HØYRINGSUTTALE

Viser til høyringsbrev med vedlegg publisert på hordaland.no, og kommenterer i korte trekk to tydelege prioriteringar frå vår side:

- Fv 48 Skånevik-Flesjå må fullfinansierast og gjennomførast i starten av perioden**
Fv 48 er ein svært viktig veg mellom dei to tettstadane i Etne, samt at med eit Skånevik-Utåker-Matre-samband i vekst er dette ein viktig regional diagonal som knyter Sunnhordland til den viktigaste aust-vest-traséen. Vegen er så dårlig og rasfarleg at det er eit problem for næringslivet i Skånevik å rekruttera arbeidskraft frå Etne eller andre som må nytta vegen til og frå arbeid.
- Snøggbåtilbodet Sunnhordland-Bergen må styrkjast**
Dette er det viktigaste samferdseltilbodet som knyt Etne til Sunnhordland og Sunnhordland til Bergen. Dette gjer at ungdom frå Etne kan gå på skule i Sunnhordlang og framleis bu heima. Dette snøggbåtilbodet betyr også og er avgjerande for at Sunnhordland fungerer som eit felles bu-og arbeidsmarknad.

Asbjørn Moe

Fikse Næringsutvikling SA

Om Fikse Næringsutvikling

Fikse Næringsutvikling er eit næringsselskap eigd av og jobbar for næringslivet i Vindafjord og Etne, og representerer interessene til 150 medlemsbedrifter, med samla årleg omsetnad på 15 mrd NOK, og 4000 arbeidsplassar.